



Arkoconsult
v/Lena Lekve

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1376 - 18/8493

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
30.05.2018

Seksjonerings sak Gbnr 45/443 Manger - Tomannsbustad - seksjonering - vedtak

Delegasjonssak nr.: 134/2018

Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om seksjonering av tomannsbustad på gnr. 45 bnr. 443, Manger.

Igangsetjingsløyve til oppføring vart gjeve den 26.06.2017 i sak 157/2017.

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Selfallet er definert som område for bustader.

Seksjoneringsbegjæringa, søknaden, er levert inn med vedtekter som stetter krava, situasjonsplan og planteikningar. Utearealet skal vera felles.

Vedtak:

I medhald av delegasjonsreglementet for Radøy kommune vert det gjeve løyve til seksjonering av tomannsbustad på gnr. 45 bnr. 443. Seksjoneringa vert godkjent på grunnlag av framlagte teikningar, situasjonsplan og vedtekter.

Vedtaket har heimel i lov om eigarseksjonar § 9.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt konsulent Hogne Askeland.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen

skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Ulvatn

Radøyvegen 1539 5936

MANGER

Mottakere:

Arkoconsult